

## ● Faglig snakka



**Hagebruk på torpet:** Svensk jordbruk har gått tilbake siden EU-inntreden.

Foto: Mariann Tvette

# Svensk jordbruk - 25 år i EU

**Redusert sjølforsyning og internasjonalisering er resultatet etter den kraftige omlegginga av landbrukspolitikken i Sverige.**

**I 1995 gjekk Sverige inn i EU**, medan Noreg valte EØS-avtalen som samarbeidsplattform, der fisk og landbruk er haldt utanfor. Dermed kunne Noreg halde fram med ein sjølvstendig landbrukspolitik, med eit nasjonalt tollvern.

**I Sverige betydde** medlemskapen at jordbrukspolitik vart underlagt Den felles landbrukspolitikken til EU (CAP), og at handelen med landbruksvarer vart ein del av den frie vareflyten innanfor tollunionen.

**Eit av dei tydelegaste** utviklingstrekk i svensk jordbruk i medlemskapstida er fallande sjølforsyning og tap av nasjonalt eigarskap i matindustrien. Likevel er det vanskeleg å seie korleis utviklinga ville ha vore i svensk jordbruk om Sverige ikkje hadde gått inn i EU. Truleg var den omfattande jordbruksreforma, som Sveriges Riksdag vedtok i 1990, mest like utfordrande for mange svenske bønder som EU-medlemskapet.

**I Riksdagens reform** vart det avgjort at landbruket skulle vere underlagt like vilkår som alle andre næringer. Reforma bygde på ein idé om ei gjennomgåande avvikling av reguleringar og støtteordningar til jordbruket i ei marknadsliberal retning. Den svenske jordbruksreforma vart skildra som radikal samanlikna med EU og dei fleste vestlege land. Slik sett gjekk Sverige inn i EU med ein svært deregulert jordbrukspolitik, for å slutte seg til ein lang meir regulert jordbrukspolitik. Sveriges jordbrukspolitik betydde ifølgje Rabinowicz (2020) at: «I synnerhet under de första medlemskaps-åren ledde Sveriges "jordbruksradikalism" till att landet blev isolerat.»

**Det politiske tankegodset** frå reforma har òg vist seg i Sveriges posisjonering opp mot CAP i medlemskapstida, sjølv i møte med eit langt meir konkurranse-

### Et luftslott

«Målet om omfattande eksport til EU var urealistisk. Dette ga utfordringar med avsetjinga og å sikre prisar som spegla produksjonstilhøva og kostnadsnivået i Sverige.»



Torbjørn Tufte er prosjektleiar i Agri Analyse.

**Torbjørn Tufte**

sterkt landbruk i andre medlemsland. For det svenske medlemskapet i EU betydde store endringar og nye utfordringar for jordbruket. På den eine sida fekk bøndene att ein meir aktiv jordbrukspolitik, men på den andre sida vart verdikjeda til svensk jordbruk konkurranseutsett i ein heilt anna skala enn tidlegare.

**Då Sverige gjekk inn i EU** vart det nasjonale tollvernet mot EU-land fjerna, og den svenske heimemarknaden vart kraftig konkurranseutsett. Det kom raskt billigare importerte matvarer inn på den svenske marknaden, og svenske forbrukarar valte importerte produkt i stort mon. Dette ga tendensar til overproduksjon av svenske varer og prispress på råvarene. Kombinasjonen av den omfattande dereguleringa av jordbrukspolitikken før medlemskapen og importkonkurransen gjennom medlemskapet, førte til at jordbruket og matindustrien sleit med å hevde seg.

**Samstundes vart det** raskt tydeleg at målet om omfattande eksport til EU var urealistisk. Dette ga utfordringar med avsetjinga og å sikre prisar som spegla produksjonstilhøva og kostnadsnivået i Sverige. Resultatet var tap av marknadsskalar i heimemarknaden til bønder og matindustri frå andre EU-land.

**Situasjonen har gitt to** tydelege utviklingstrekk for svensk jordbruk og matindustri under EU-medlemskapet. Nemleg fall i sjølvforsyninga innan kjerneproduksjonane kjøtt og mjølk, og at matindustrien har gått frå å vere bygd rundt nasjonale samvirkeforetak eigd av svenske bønder til transnasjonale foretak med internasjonalt eigarskap.

**Ser ein produksjonsvoluma** av animalske produkt i lys av befolkningsveksten og konsumvekst, er essensen i utviklinga at Sverige har hatt ein markant reduksjon i sjølvforsyninga. Og det er importerte varer som har teke marknadssveksten. Spesielt vart produksjon av svinekjøtt, storfejøtt og mjølk hardt råka. Frå 1995 til 2019 har svineproduksjonen falt med 68

000 tonn, medan importen har auka med 120 000 tonn. Storfekjøttproduksjonen har stagnert, og importen har gått opp med 45 000 tonn. Vidare er mjølkeproduksjonen redusert med ein halv million tonn, og den svensk osteproduksjonen er 48 000 tonn lågare no enn i 1995. Samstundes har importen av ost gått opp med 115 000 tonn sidan 1995.

**Det har òg vore ei** omfattande endring i eigarskapet i matindustrien. Svensk matindustri har gått frå nasjonale samvirkekonsern, eigd av svenske bønder, til transnasjonale foretak med internasjonalt eigarskap

**Før medlemskapet** vart det meste av den svenske animalske produksjonen i Sverige tilverka av nasjonale kooperativ. Sjølv om kooperative industriforetak framleis er sentrale i svensk matindustri, er dei ikkje lengre nasjonale, men konsoliderte i internasjonale foretak.

**Endringa frå nasjonalt** eigarskap til internasjonalt eigarskap har vore svært ulik i mjølkesektoren og kjøtsektoren. Innan kjøtindustrien er dei svenske nasjonale kooperativa overtekte av internasjonale foretak, der svenske bønder ikkje er medeigarar. Medan internasjonaliseringa av det dominerande meieriforetaket Arla har gått frå eit svensk meierikooperativ til eit internasjonalt meierikooperativ. Her er svenske mjølkeprodusentar framleis medeigarar, saman med mjølkeprodusentar i ei rekkje europeiske land. Arla er no verdas fjerde største meieriforetak, målt etter mjølke-mottak.

**I sum er det mange** utviklingstrekk i svensk jordbruk som peikar i retning mot at svensk jordbruk ikkje var robust nok til å møte eit langt meir konkurransesterkt europeisk jordbruk. Og her er det grunn til å anta at den omfattande jordbruksreforma og tankegodset frå Riksdagen om eit de-regulert jordbruk var ei medverkande årsak til at møtet mellom det svenske jordbruket og det europeiske vart so hardt for den svenske verdikjeda for mat.